



Statens vegvesen

Jørgen Halås

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/114654-5

Dykkar referanse:

Vår dato:
21.11.2017

Avslag- Avkøyrslø - Fv. 565 - Gnr. 134 bnr. 19 - Radøyvegen 101 i Lindås kommune

Vi viser til søknad av 01.09.2017. Vi var på synfaring på staden 25.10.2017.

Det er søkt om ny avkøyrslø til eit eldre bustadhus langs fylkesveg 565 fordi eigedomen skal rehabiliterast og brukast til bustadføre mål. Det er planlagt å heve terrenget på tomta for å etablere snu/parkeringsplass, og for å få tilstrekkeleg sikt i avkøyrsla.

Vedtø

Med heimel i veglova [§ 40](#) avslår vi søknaden om etablering av avkøyrslø frå fylkesveg 565, Radøyvegen, til eldre bustad på gnr. 134 bnr. 19 i Lindås kommune.

Bakgrunnen for vedtø

Statens vegvesen skal i vurderinga legge vekt på framkome og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrslø frå. Det må gjerast ei totalvurdering, der det utover tilhøva på staden også må takast omsyn til framkomst og trafikktrygging / trafikktryggleik på den vegen det er søkt om avkøyrslø frå.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årdsøgertrafikk (ÅDT) er 6300. Ein må planlegge for at det også framover vert høg trafikk på denne strekninga.

Fylkesvegen er regulert gjennom *Rv 565 Hilland - Alverstraumen (1999)*. Planen syner ei tilkomst til eigedomen vist med ei pil i kartet. Planen har ikkje eigne føresegner som omhandlar dette forholdet, men vi tolkar det slik at det er gangtilkomsten som er vist i planen. Planen legg også til rette for ei utbetring av vegen og ei etablering av gang- og sykkelveg på strekninga forbi bustaden. Planen er gamal og ikkje realisert. Dersom vi skal bygge ut vegen

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

i dag må den planleggast på nytt, slik at dagens krav vert lagt til grunn ved utforming av anlegget.





Fig: Del av reguleringsplan Rv. 565 Hilleren - Alversund (1999).

Fylkesveg 565 er ein viktig fylkesveg med regional funksjon. Det vil mellom anna seie at vegen er viktig for transport mellom kommunar i regionen. I *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesvegar i Region vest* er vegen klassifisert i haldningsklasse 2. Dette er ei streng haldningsklasse. Det vil mellom anna seie at talet på avkøyrslar til vegane må vere svært avgrensa, og at nye avkøyrslar ikkje bør godkjennast utan at det føreligg ein stadfesta reguleringsplan. Val av stad for nye avkøyrslar må vurderast nøye med tanke på framtidig arealutnytting.



Kart vedlagt søknad.



Vegbilde frå staden som viser dagens tilkomst.

Utsnitt av kartet over viser at huset ligg tett på fylkesvegen. Det er i dag gangtilkomst til huset som går via ein port som ligg parallelt med fylkesvegen. Det er krevjande forhold på tomte med bratt terreng og stor høgdeskilnad mellom tomte og fylkesvegen. Det er relativt kort

avstand til nabotomt og nabohus. Den nye avkøyrsla som er teikna på kart vedlagt søknaden datert 03.07.2017 kan etter vår vurdering ikkje byggjast i samsvar med krav til teknisk utforming, og samtidig opparbeide tilfredstillande snu- og manøvreringsareal på eigen tomt. Til søknaden er det synt sikt 83 meter til høgre i avkøyrsla. Vi vurderer at dette må skuldast ein feil. Vi gjer merksam på at siktkravet er først oppfylt når ein står vinkelrett på fylkesvegen, frå eit målepunkt 1,1 meter over bakken, 4 meter inn i avkøyrsla. Andre krav vi normalt stiller er at svingradius skal vere 4 meter.

Vi har vurdert søknaden og komme fram til at vi ikkje kan godkjenne ei etablering av ny avkøyrslé. Grunngevinga for dette er mellom anna fylkesvegen si strenge haldningsklasse og at det er eit mål å oppretthalde veggen sin transportfunksjon på denne strekninga.

Retten til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ